Rekneskap og årsmelding

for bygdelaget

«SUNNHORDLENDINGEN»

1965



«SUNNABU»

Dette er bilete av lagshytta vår.
Den ligg triveleg til på Kvamskogen, og står til
rådvelde for medlemene
til både helgeturar og ferieopphald.

BYGDELAGET SUNNHORDLENDINGEN i Bergen vart skipa den 31. januar 1919. Dei som skipa laget sette som føremål at det skulle arbeida for å fremja kjennskap og venskap mellom sunnhordlendingar som bur i eller kring byen, og å spreia opplysning om den rike kultur og sogetradisjon som sunnhordlandsbygdene har.

Laget skulle og vera til hjelp med råd og rettleiing for unge sunnhordlendingar som flyttar til byen.

Desse føremålsparagrafane prøver me å leva opp til så godt det let seg gjera.

Laget er no med i fylgjande skipnader:

Noregs Ungdomslag, gjennom Hordaland Ungdomslag,
Bygdelagsnemndi,
FN Sambandet,
Teatersentralen.

Frå september til mai har me lagsmøte annankvar tysdag i Gimle. Her kjem ungdom frå heile distriktet vårt saman til åndeleg og kulturelt arbeid, og for å koma saman med vener og kjende i eit heimleg miljø.

Særlaga er grunnstamma i laget vårt. Her kjem interessert ungdom saman for å dyrka si interesse. Her har ein og det beste høve til å verta kjent i laget, og å finna seg nye vener. Ein møter andre med same interesser som ein sjølv. Ein er ikkje lenger einsam og åleine i byen.

Me har desse særlaga:

Fotogruppe,
Leikarring,
Saumarlag,
Spellag,
Skyttarlag.

Årsmelding.

Laget har i 1965 hatt 15 lagsmøter, 1 årsmøte og 7 bygdelagskvelder. Laget har også hatt marknad i Gimle.

Styret har hatt 16 møter.

Utsending til Hordaland Ungdomslag sitt årsmøte i Hegglandsdalen var Jan Økland.

Det har veksla med aktiviteten i dei ymse serlag. Fotogruppa har ikkje vore i aktivitet det siste året. Laget har heller ikkje fått igang nokon studiering. Turnemnda har ikkje hatt noko arrangement i 1965.

Møterekkja.

19. jan. Song av Hordakoret. Einar Myklebust og Hjalmar Tvedt orienterte om fylkeslagssaka i Bergen.
Frammøte: 110. Møteleiar var Arnold Kjærefjord.

2. febr. Per Håland heldt eit fengslande foredrag. Song av Kjellfred Eriksen.
Frammøte: 110. Møteleiar Arnold Kjærefjord.

16. febr. Elevar frå Fana Folkehøgskule sto for programmet som baud på sketsjar, visesong og opplesning.
Frammøte: 230. Møteleiar var Arnold Kjærefjord.

2. mars Program ved songarinna Aud Holm og Bjørn Stenseth. Skrøner ved Kristian Knudsen.
Frammøte: 130. Møteleiar var Harald Nygård.

16. mars Hauge Ungdomslag synte fram «Jan Anders og Lars Anders» av Gøsta af Geijerstam.
Frammøte: 220. Møteleiar var Harald Nygård.

30. mars Elevar frå Bergen Lærarskule synte fram «Sjøens menn» og «Taterbryllaup» av iraren J. M. Synge.
Frammøte: 200. Møteleiar var Arnold Kjærefjord.

27. april Vårt eige spellag hadde programmet som baud på visesong og sketsjar.
Frammøte: 140. Møteleiar var Arnold Kjærefjord.

11. mai Leikarringen hadde programmet. Skjeveland kåserte om Folkevisa».
Frammøte: 115. Møteleiar var Harald Nygård.

21. sept. Kåseri av Sverre Riisøen, «Paradokset ekteskapet». Tryllekunstar ved Harry Olsen.
Frammøte: 105. Møteleiar var Arnold Kjærefjord.

5. okt. Lars Teigland fortalde og synte film frå Svalbard.
Frammøte: 160. Møteleiar var Harald Nygård.

19. okt. Fyllingsdalens Ungdomslag synte fram revy.
Frammøte: 140. Møteleiar var Arnold Kjærefjord.

2. nov. Bondeungdomslaget gjesta oss med spelstykket «Godvakker Maren» av Oskar Braaten.
Frammøte: 110. Møteleiar var Harald Nygård.

16. nov. Idrottslaget Gular sto for programmet og fekk nettoinnkoma av møtet. Tormod Næss synte ljosbilete og fortalde frå olympiaden i Tokio 1964.

30. nov. kåseri av Wilhelm Waage «Kva kan eg gjera».
Frammøte: 110. Møteleiar var Harald Nygård.

14. des. Underhaldning av tryllekunstnar Øystein Toft. Mat og kaffi.
Frammøte: 76. Møteleiar var Harald Nygård.

Leikarringen.

Utanom dei vanlege leikøvingane onsdagskvelden, som også i år har vore i småsalen i Gimle, var det 17. mai som var den «store dagen» vår. Det var då som vanleg nokre par med og dansa på Strandkaien, og seinare var to par frå ringen vår med på eit opptak, som om kvelden vart vist i fjernsynet. Dei som representerte vår ring var Laila Halleland, Edel Enes, Lars Bruntveit og Rag-

Bygdelaget «Sunnhordlendingen» Rekneskap 1/1—31/12 1965.

Utlegg:

Husleiga		kr.	6 120,80
Matutgifter		»	313,65
Lysingar		»	1 100,05
Program, musikk		»	8 653,55
Ymse lagsutgifter		»	549,03
Skyttarlaget		»	105,25
Spellaget		»	47,00
Leikarringen		»	1 372,20
Saumarlaget		»	200,00
H. U. lagspenger		»	545,00
F. N. Sambandet lagsp.		»	15,00
		»	19 021,53
Ytingar			
Sunnabu	kr. 1 500,00		
Gular	» 250,00		
Kyrkjenemnda	» 100,00		
Sunnhl. Folkemuseum	» 100,00		
Valen kapell	» 100,00	»	2 050,00
		»	21 071,53
Postgiro 31/12 - 65		»	85,65
Kontanter —»—		»	2 073,62
Lagsfond —»—		»	3 510,79
Konto 84 287		»	36,50
Merknader Bg. Privatb. (øyremerkt for «Sunnabu»		»	3 568,20
		kr.	30 346,38

Innkoma:

Inngongspenger	kr.	21 037,00
Renter bankinnskot	»	132,30
Netto brussalg	»	307,04
Medlemspenger	»	345,00
Postgiro 1/1 - 65	»	15,65
Lagsfond —«—	»	1 025,00
Kontanter —»—	»	3 879,60
Marknaden	»	3 604,79
	kr.	30 346,38

Eiga pr. 31/12—65.

Kontanter	kr.	131,99
Sparevilkår	»	3 378,80
Lagsfond	»	2 073,62
Postgiro	»	85 65
2 luter L/L Bygdeh.	»	2 000,00
Fana	»	1 500,00
Målarstykke	»	500,00
Skrivemaskin	»	500,00
Konto 84 287	»	36,50
Marknaden Bg. Privatb. (øyremerkt for «Sunnabu»)	»	3 568,29
	kr.	13 774,85

Bergen, den 31. jaunar 1965 / 5. februar 1966

Ettersett:

Per Ivarsøy *Jørgen Solb[illegible]*

Edel Enes

Kassastyrar

Rekneskap for «Sunnabu» 1965.

Taps- og vinningskonto pr. 31/12 1965.

Ved, koks, parafin og gass	kr.	433,30	Overnattingar	kr.	1 734,70
Ymse utlegg	»	240,29	Renter av bankinnskot	»	7,99
Assuranse	»	64,00			
Renter av pantelån	»	28,20			
Driftsoverskot 1965	»	976,90			
	kr.	1 742,69		kr.	1 742,69

Balansekonto pr. 31/12 1965.

Hytta pr. 1/1 – 65	kr.	24 372,88	Partbrev		kr.	2 100,00
Innkj. 1965	»	461,10	kr. 24 833,98			
Bankinnskot		»	28,44	Balansekonto:		
Kontanter		»	4,12	Fond til utferdsst.	kr.	9 263,74
				Ytingar	»	9 550,00
				Driftsoverskot tidl.	»	2 975,90
				—»— 1965	»	976,90 » 22 766,54
	kr.		24 866,54		kr.	24 866,54

Bergen, den 31. desember 1965
18. januar 1966

Ettersett:

Per Ivarsøy *Jørgen Solberg*

Odny Kjærefjord
Kassastyrar

nar Spissøy. Same leikarane var med på det årvisse programmet til bygdelaga på «Vikingskipet» seinare om kvelden. Og dermed ebba vårsesongen ut.

På hausten starta me så oppatt, og det var då gledeleg å sjå kor mange av dei «gamle» som fortsatt var med. Mindre gledeleg er det at dei nye lar venta på seg, og dei fleste nye som kjem, forsvinn like fort. Den som allikevel er mest trufast er leikleiaren vår, Hjalmar Tvedt. Og det er nok han og takka at det trass alt har gått så bra som det har.

Gustav Madsen, spelmannen vår, som har vore med frå ringen starta hausten 1962 døydde plutselig i haust. Tapet av Madsen var eit hardt tap for ringen. Ny spelmann kan me nok få, men ein humorist, kamerat og spelmann som Madsen kan det verta vanskeleg å erstatta.

Med i styret har vore:

Aksel Ytrenes, form. Jørgen Solberg og Guri Enes.

Skyttarlaget.

Skyttarlaget har også i år vore i elden 2 gonger. Fyrste gongen var på Nesttun skyttarbane ein sundag i september. Då vert det tevla om Sunnabukruset.

Programmet var det same som det har vore tidlegare om åra, 3 friskotseriar på 100 meter, fordelt på ståande, kne og liggjande, vidare 2 friskotserier på 300 meter fordelt på kne og liggjande.

Det var i år 7 mann som var med i den knivskarpe tevlinga om fyrsteplassen. Av desse var det 3 nykomlingar som synte at dei kunne sine ting, og dei var ikkje snauare enn at dei stakk av med dei 3 fyrste plassane.

Resultatet vart:

1.	Samson Bakke	179 poeng
2.	Nils Lyngnes	170 »
3.	Kåre Lauvås	157 »
4.	Johan Røssland	156 »

Rekkjefylgja vidare vart: Åge Leknes, Bj. Tvedte og Petter Ersvær.

Andre gongen skyttarlaget var i elden var i samband med bygdelagstevlinga, som gjekk føre seg på Laksevåg skyttarbane ein sundag i oktober. I denne tevlinga har kvart lag høve til å stille med 8 mann der dei 5 beste tel med i samandraget. Dette vart nok vonbrot for laget vårt då det synte seg at våre sterkaste menn ikkje møtte fram slik at me talde berre 4 då tevlinga tok til. Det vart skote godt av dei som var med så med ein eller to mann til er det ikkje godt å seia korleis det ville gått.

I styret for skyttarlaget har vore: Ragnar Spissøy, form., Kjell Matre og John Såtendal.

Marknadsnemnda.

Marknadsnemnda, som vart vald på siste årsmøtet, kom saman til første møte i slutten av juni månad. Det første som vart gjort var å fastsetja tida for marknaden og å setja opp vinstane på hovudlutspelet. Tida for marknaden vart fastsett til dagane 30. og 31. oktober. Førstevinsten på hovudspelet, 1 vekes opphald for 2 personar på Skånevik Fjord Hotell, vart også tinga og ordna før nemnda tok sumarferie.

Etter ferien tok nemnda fat på førebuingsarbeidet og det heldt fram heilt til startskotet gjekk den 30. På hovudlutspelet sette me som mål å få ut 50

bøker, altså lodd for kr. 2 500,—. Vidare sette me som mål å greia kr. 1 000,— i netto kvar kveld slik at nettoresultatet skulle verta ca. kr. 4 000,—.

Laurdagskvelden la me opp til vanleg bygdelagskveld med moderne musikk og moderne dans. Av tidlegare erfaring visste me at åresal ein slik kveld slår svært dårleg an. Me satsa derfor på noko nytt — lynlotteri. Det synte seg også å vera svært populært denne kvelden. Elles var det fullt med folk så innkoma var god.

Av andre ting laurdagen kan me nemna at det vart selt brus og pølser. Når det gjeld pølsesalet var me ikkje så heldige. Her forrekna me oss nok ein del for dette salet gjekk heller dårleg. Me vart sitjande att med ein del pølser som gjekk på billegsalg sundagen. Her hadde me visseleg mykje arbeid og liten vinst.

Sundagskvelden la me opp til folkedanskveld. Medlemer av Fjellbekken spela til dansen, og i andre høgda var det matsal der det var høve til å kjøpa ertesuppe, smørbrød og kaffi.

Frammøte denne kvelden var litt i underkant av det me rekna med og det verka sjølvsagt inn på det økonomiske resultatet. Men stort sett gjekk det bra. Folk var flinke til å kjøpa årar, maten såg ut til å smaka godt — i det heile såg det ut til at pengane sat laust slik dei skal gjera på ein marknad.

Me hadde også med eit lite programinnslag. Ein av støttespelarane i spellaget gjennom mange år, Per Ivarsøy, framførte ein liten einmannssketsj.

Resultatet av marknaden synte at kalkylen vår heldt ikkje heilt. Hovudlutspelet ga i netto kr. 1 627,—. Bruttoinnkoma var kr. 2 084,— mot kalkulert kr. 2 500,—. Dei to kveldane til saman gav i nettoinnkoma kr. 1 962,33. Nettoinnkoma av heile marknaden vart såleis kr. 3 589,33.

I marknadsnemnda 1965 var desse med: Jørgen Solberg, Kjell Matre, Petra Ersvær og Petter Ersvær formann.

Spellaget.

Spellaget starta optimistisk på nyåret og planane var å prova å få til ein slags revy ut på vårparten. Ymse vanskar gjorde at planane vart ikkje gjennomført slik som frå først av tenkt. Den tidlegare formannen i spellaget, Rolf Olsen, drog til Oslo for å overta stilling der. Vidare reiste to til av gruppa frå byen slik at me stod sterkt redusert attende. Ein annan stor vanske var å skaffa stoff til ein slik revy. Me kontakta den eine etter den andre, men revyforfattarar veks ikkje på tre.

Vel, vanskar er til for å overvinnast, tenkte me og sette igang med det stoff som var og med dei aktørar me hadde att. Eit program vart det også av det og me hadde premiere med det i Gimle den 27. april.

I haust kom me fram til eit spelstykket av Sturla Brørs som heiter Garden som me tok sikte på å øva inn. Første oppgåva var å få fast i nok aktørar. Me trong 7 gutar og 2 gjenter. Det lukkast også til slutt. I midten av oktober tok øvingane til borte på lagsromet. Kvar torsdagskveld har det så vore øving framigjennom under leiing av Per Ivarsøy. Dette er første oppgåva Ivarsøy har som instruktør, men han har vore ein av spellaget sine støttespelarar gjennom mange år. Han har også vore med på fleire instruktørkurs for amatøskodespelarar med leiande skodespelarar som førelesarar så me trur at instruksjonen er i gode hender. Me vil også nemna at vår mangeårige instruktør Anders Valvatne gjerne ville sleppa fri dette året på grunn av mykje arbeid i samband med skulearbeidet. Han er som kjent lektor.

Årsmeldinga for i år syner ikkje noko stort resultat av det som er gjort i spellaget dette året. Det stykket me no arbeidar med kjem først til å bli framført i februar månad 1966.

Tilsaman 13 gutar og gjenter har vore med i spellaget dette året.

I styret har vore: Alfhild Sivertsen, Eivind Tysnes, Petter Ersvær, form.

Frå Bladnemnda.

På årsmøtet i laget i februar månad var det semje om at meldingsblad for Sunnhordlendingen skulle halda fram. Første året 1964 hadde vore eit prøveår. Bladnemnda har ikkje vore så produktiv dette året som dei var det første. I år har det kome ut to nr., eit i byrjinga av året og eit i slutten av året. Nemnda har ikkje kome fram til noko fengjande namn ennå. Likeeins har me ikkje fått avisa utstyrt slik me ynskjer. Her lid me under mangelen på ein som er litt teiknekunnig.

Me vonar dette vil retta på seg i året som kjem. Elles er me takksame for gode råd anten muntleg eller i form av innlegg.

I blandnemnda har desse vore med: Per Ivarsøy, Jan Økland og Petter Ersvær.

Saumarlaget.

Saumarlaget har jamt over hatt møte annankvar onsdag på lagsromet. Frammøtet har vore lite, men det er og nokre som ikkje har hatt høve til å møta om onsdagane, men som har laga svært pene ting heime. Saumarlaget kunne difor stilla opp til marknaden med mange pene vinstar.

Kvart år har me fått kr. 100,— frå hovudkassen som tilskot til innkjøp av materialar. Resten har me fått inn ved utluting på samkomene våre. Då me i år har vore så få, seier det seg sjølv av utlutingane våre ikkje kasta så mykje av seg, så me måtte seinare på året søkja hovudstyret om eit nytt tilskot på kr. 100,—.

Det viser seg at onsdagane er svært uheldige dager for saumarlaget å ha møte då svært mange er opptekne denne dagen. Me vil difor i 1966 endra møtedagane våre til annankvar mandag.

På fyrste møtet på nyåret vil me gå igang med eit kurs i prydsaum — noko som me vonar vil verta populært mellom gjentene i Sunnhordlendingen. Saumarlaget vonar på eit godt arbeidsår i 1966, og at me ved å endra møtedagane våre frå onsdag til mandag vil få fleire medlemar.

I styret for saumarlaget dette året har vore: Marta Ivarsøy, Emma Såtendal og Petra Ersvær.

Lagshytta «Sunnabu».

Økonomisk har året 1965 vore særs godt. Me har hatt ca. 120 overnattingar samt utleige i 4 veker, og fullt hus i påskehelga.

Alle golv i første høgda er vorte lakka, med unnantak av verdaen. Dei gamle divanane er bytt ut. På kjøkenet er komfyren bytt ut med panneskap, der det og er plass for propan-apparatet.

Uthusa er måla utvendig og har fått ny papp på taket. Nytt turrklosett er oppsett.

Kvam Kraftlag som me har hatt kontakt med har sagt seg viljug til å yta erstatning for kraftlina som går over eigedomen.

Lånet som var på kr. 13 300,— for 5 år sidan er nå nedbetalt til kr. 2 100.

Styret har i år vore: Knut Skålnes (form.), Odny Kjærefjord (kassastyrar), Ragnar Spissøy og Alf Bakke.

Bergen i februar 1966.

Arnold Kjærefjord,
formann.

Harald Nygård, varaform.	**Jan Økland,** skrivar	**Alfhild Sivertsen.**	**Edel Enes,** Kassastyrar

Rekneskap og årsmelding

for bygdelaget

«SUNNHORDLENDINGEN»

1966



Kvinnheradfjella i bleik haustsol sett frå foten av Hovlandsnuten

BYGDELAGET SUNNHORDLENDINGEN i Bergen vart skipa den 31. januar 1919. Dei som skipa laget sette som føremål at det skulle arbeida for å fremja kjennskap og vennskap mellom sunnhordlendingar i og kring Bergen, og å spreia opplysning om den rike kulturen og sogetradisjonen som sunnhordlandsbygdene har.

Laget skulle vera til hjelp med råd og rettleiing for unge sunnhordlendingar som flytter til byen.

~~Desse føremålsparagrafane prøver me å leva opp til så godt det let seg gjera.~~

Laget er no med i fylgjande skipnader:
Noregs Ungdomslag, gjennom Hordaland Ungdomslag.
Bygdelagsnemndi.
FN Sambandet.
Teatersentralen.

Fram til me slutta av for sumaren hadde me lagsmøte i Gimle annankvar tysdag, men då det synte seg at det vart mindre og mindre med folk på desse samkomene og at kantakten mellom medlemene vart dårleg, vart det vedteke på omframt årsmøte den 31/8 1966 å skipa til eit lagsmøte i månaden i småsalen i Fensal og eit "stort" møte i Gimle like ofte, for på denne måten å koma medlemene "inn på livet" og for å få eit koselegare samvær med mat og kaffi, og leik og dans etterpå. Denne ordninga meiner styret må vara ved, for dersom medlemene møter trufast opp, blir det kosekveldar for alle.

Særlaga er grunnstamma i laget vårt. Ved å vera med i eit særlag glir ein lett inn i laget, og ein vil finna seg nye vener. Me har desse særlaga:

Spellag,
Leikarring,
Saumarlag,
Skyttarlag,
Studienemnd,
Bladnemnd,
Turnemnd.

ÅRSMELDING:

Laget har i 1966 hatt 13 lagsmøte, 1 årsmøte og 4 bygdelagskveldar. Elles har laget vore på 3 turar til bygder i Sunnhordland: Fitjar, Leirvik og Tysnes. Styret har hatt 11 møter.

Utsendingar til årsmøte i Hordaland Ungdomslag på Hauge, Osterøy var Anni og Kjell Brekke.

Aktiviteten i dei fleste særlaga har vore god i 1966. Dei særlaga som det ikkje har vore aktivitet i er studienemnda og bladnemnda.

MØTEREKKJA:

25. jan. "Ein tur over Jostedalsbreen". Herr Adriansen synte lysbilete og kåserte.
Frammøte: 90. Møteleiar var Arnold Kjærefjord.

8. febr. Åsane Ungdomslag vitja oss med "Ektemenn" av O. Hongen.
Frammøte: 90. Møteleiar var Arnold Kjærefjord.

22. febr. Spellaget synte fram "Garden" av Sturla Brørs.
Frammøte: 125. Møteleiar var Arnold Kjærefjord.

8. mars BMV's amatørgruppe underheldt saman med tryllekunstnar A. Myklebust.
Frammøte 100. Møteleiar: Eivind Tysnes.

22. mars Festmøte for Konrad Lunde.
Program: Prolog av Valborg Kjærefjord, lesen av Lars Teigland.
Song av Hordakoret.
Tale av Konrad Lunde og Magnus Hardeland.
Overrekkjing av gåver.
Opplesing av Conrad Clausen.
Leikarringen.
Kaffikos.
Frammøte: 70. Møteleiar: Hjalmar Tvedt.

19. april Ragnar Ulstein tala om "Englandsfarten frå Sunnhordland".
Frammøte: 65. Møteleiar: Per Ivarsøy.

3. mai Underhalding av viseklubben i BUL.
Frammøte: 90. Møteleiar: Kjell Matre.

20. sept. Wilhelm Waage kåserte om "Originalitet - eller måten å få det sagt på".
Frammøte: 70. Møteleiar: Kjell Brekke.

5. okt. Første møte i Fensal.
Peder Nilsen Aga tala om "Sunnhordland i gamal og ny tid". Utlodding av skyttarlaget. Mat og kaffi.
Frammøte: 25. Møteleiar: Mikal Heldal.

18. okt. Song av viseklubben til BUL og Eivind Tysnes.
Frammøte: 55. Møteleiar: Mikal Heldal (Gimle).

2. nov. Magne Krüger kåserte om "Israels historie".
Mat og kaffi - leik.
Frammøte: 20. Møteleiar: Per Ivarsøy (Fensal).

15. nov. J. Bruvik orienterte om Gular.
Frammøte: 30. Møteleiar: Kjell Brekke (Gimle).

30. nov. Forfattar Johannes Heggland kåserte.
Mat og kaffi - leik.
Frammøte 20. Møteleiar: Kjell Brekke (Fensal).

BYGDELAGET "SUNNHORDLENDINGEN" REKNESKAP 1/1 - 31/12 1966.

Husleiga	5.077,25		
Matutgifter	570,84		
Lysingar	1.381,35		
Progr. musikk	6.702,85		
Ymse lagsutgifter	1.244,35		
Skyttarlaget	289,35		
Spellaget	139,65		
Leikarringen	1.150,oo		
Bygdelagsnemnda	45,oo		
H. U. L. lagspengar	266,oo		
FN Sambandet, lagspengar	15,oo		
Norsk Ungdom	30,oo		
Unglyden	30,oo		
Ytingar:			
Valen Kapell.....	50,oo		
Tysnes Sogelag	100,oo		
Sunnhordl. Folkemuseum	100,oo		
Kyrkjenemnda	30,oo		
Gular	50,oo		
Sunnabu	300,oo		
		17.571,64	
Postgiro 31/12 1966		45,95	
Kontantar -"-		1.355,74	
Lagsfond -"-		4.223,62	
		23.196,95	

Inng.pengar.....	16.488,50	
Renter bankinnskot ...	195,87	
Netto brussal	332,52	
Medlemspengar	510,oo	
Postgiro 1/1 -66	85,65	
Lagsfond 1/1 -66	2.073,62	
Kontantar 1/1 -66	3.510,79	
		23.196,95

Eiga pr. 31/12 1966.

Kontantar	569,86
Sparevilkår	785,88
Lagsfond	4.223,62
Postgiro	45,95
2 luter L/L Bygdeh.	2.000,oo
Fana	1.500,oo
Målarstykke	500,oo
Skrivemaskin	500,oo
	10.125,31

REKNESKAP FOR "SUNNABU" 1966.

Taps- og Vinningskonto pr. 31/12 1966.

Ved, koks, parafin, gass, straum	569,59	Overnattingar	1.504,oo
Assuranse	64,oo	Renter av bankinnskot	75,25
Ymse utlegg	158,4o		
Driftsoverskot 1966	787,26		
	1.579,25		1.579,25

Balansekonto pr. 31/12 1966.

Hytta pr. 1/1 -66.....	24.833,98		Partbrev		1.400,oo
Innkjøpt 1966	1.187,6o	26.021,58	Balansekonto:		
Bankinnskot Vestlandsbanken		1,14	Fond til utferdsstad	9.263,74	
" Bergens Privatbank..		2.780,o4	Ytingar	13.454,79	
Kontantar		55,83	Overskot tidl.....	3.952,8o	
			Overskot 1966	787,26	27.458,59
		28.858,59			28.858,59

Bergen den 31. desember 1966
19. januar 1967

Ettersett:
Per Ivarsøy Jørgen Solberg Lilli Marie Brunvoll

SPELLAGET.

Spellaget heldt i 1966 fram med å øva inn spelstykket "Garden" av Sturla Brørs. Første framsyning var i Gimle på lagsmøte den 22. februar.

Laurdag 7. mai reiste spellaget, saman med leikarringen til Fitjar, og hadde framsyning der. Torsdag 12. mai var spellaget til Leirvik, dette var i samband med Hordaland Ungdomslag sitt møte, for å freista å skipa frilyndt ungdomslag på Leirvik. I haust tok spellaget oppatt arbeidet med dette spelstykket, og 1. desember var det framsyning på Våge. Dette var siste framsyning i 1966. Instruktør har vore Per Ivarsøy. Elles i spellaget har desse vore med:

Eivind Tysnes	Inge Mikal Helland
Ingeborg Epland	Gunnar Frøkedal
Anni Brekke	Arnold Kjærefjord
Kjell Brekke	Agnar Brundtveit.

Spellaget miste i 1966 ein god spelar i Svein Nygård som døydde etter ei stunds sjukelæge. Det var eit hardt slag for oss alle, men mest for oss som er i spellaget og hadde lært Svein å kjenna. Me miste alle ein god kamerat.

SKYTTARLAGET.

Skyttarlaget er etter kvart komen inn i ein fast rytme med to tevlingar i året, såleis også i år. Det er lagstevling om Sunnabukruset og bygdelagstevlinga.

Lagstevlinga i år vart halden på Nesttun skyttarbane søndag 11. sept. Veret la ein dempar på stemninga blant deltakarane ved å syna seg - frå ein skyttars syn - heilt vonlaust, med regn og vindkuler. Men dette til trass var deltakinga god og humøret mellom skyttarane steig nokre hakk når muskedurane byrja å gje frå seg den blant skyttarar velkjende og etterlengta drønna. Det staslege Sunnabukruset havna denne gongen hos Kåre Lauvås som sigra klårt med det gode resultatet 175 poeng. På dei to neste plassane kom Bjarne Tvedt og Ragnar Spissøy med 164 og 161 poeng. Rekkjefylgja vidare vart: Lars Olav Tveita, Åge Reknes og Aksel Ytrenes.

Bygdelagstevlinga vart også i år skipa på Nesttun skyttarbane, så på den måten kjende me oss mest på heimebane, men det til trass så ----. Tidlegare var dette skyteprogrammet fordelt på 300 og 100 m, men etter det nye programmet som vart nytta i år gjekk all skyting føre seg på 300 m. Sognalaget trakk også i år det lengste strået og sigra med 1.019 poeng og på 2. plass kom Sunnfjordlaget med 996 poeng. Rekkjefylgja vidare vart: Nordfjordlaget, BUL og Sunnhordlendingen. På laget vårt var: B. Tvedter, M. Heldal, K. Lauvås, Å. Leknes og R. Spissøy.

Det var også i år premiering for kvar klasse, og den fekk Å. Leknes 2. premie i 2. klasse, K. Lauvås 1. premie i 1. klasse og B. Tvedter 3. premie i 1. klasse.

Med i styret for skyttarlaget har vore: Kjell Matre, Nils Lyndnes og Ragnar Spissøy.